



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 23.10.2018
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 09:00 - 14:00

Drøftingsmøte 23. og 24. okt: budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022
Frå ca klokka 1030 vert det presentasjonar frå tenesteleiarane med ein kort status på drifta, og litt om eventuelle endringar i drift/investering dei ser for seg dei komande åra.

| Frammøtte medlemmer | Parti | Rolle | Merknad |
|-----------------------|-------|----------|---------|
| Tom Kristian Thorsen | SO | Ordførar | |
| Linda Neset | SO | Medlem | |
| Ann-Jorunn Farestveit | SO | Medlem | |
| Kjetil Eikefet | SA | Medlem | |

| Forfall meldt frå medlem: | Parti | Rolle | Merknad |
|---------------------------|-------|--------------|---------|
| Kristin Nåmdal | SA | Varaordførar | |

| Frammøtte varamedlemmer: | Parti | Rolle | Merknad |
|--------------------------|-------|------------|-------------------------|
| Liv Anne Aanesen | SA | Varamedlem | Vara for kristin Nåmdal |

Sakliste

| Saknr | Tittel |
|--------------|---|
| 032/2018 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 033/2018 | Godkjenning av møtebok |
| 034/2018 | Orienteringssaker |
| 035/2018 | 2. tertialrapport 2018 |
| 036/2018 | Innspel om viktige regionale interesser til nasjonal ramme for vindkraft på land. |

Notat frå møtet:

032/2018: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

033/2018: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

034/2018: Orienteringssaker

Behandling:

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik orienterte om status i arbeidet med raset ved fotballbana. Etter rapport frå geolog vert rasområdet i fjellsida spylt av helikopter med vannballong fredag 26. okt. Vidare må det sannsynlegvis etablerast ei rasvoll mellom fjellsida og fotballbana, ved å flytte lausmassane som no ligg inntil fjellet nærare bana. Vi får tilbakemelding frå geolog etter spylinga om bana kan opnast for bruk før ein evt etablerer rasvollen.

Teknisk sjef orienterte vidare om status på investeringsprosjektet på Modalstunet. Entreprenørane som har gitt anbod på oppdraga har ikkje vore villige til å redusere pristilboda, slik at ein må no gjere eit val om kva ein skal kutte i prosjektet for å halde prisramma på 1,7 mill.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

035/2018: 2. tertialrapport 2018

Behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om tertialrapporten og svare på spørsmål
Samrøystes vedteke

Vedtak:

2. tertialrapportering for 2018 vert teken til orientering.

Det vert gjort slike justeringar i investeringsbudsjettet:

Omdisponering av løyving kr 700 000 frå P.nr 03097 Omlegging av VA-leidning Otterstad til nye VA-tiltak på Helland og Kleivane

Utgiftsløyving til P.nr 03103 Ladestasjon kr 400 000 finansiert med kr 240 000 frå næringsfondet og kr 160 000 frå Enova-tilskot.

036/2018: Innspel om viktige regionale interesser til nasjonal ramme for vindkraft på land.

Behandling:

Ordfører orienterte om saka og bakgrunnen for kva som var teke med i framlegg til innspel. Liv Anne Aanensen fremma forslag om leggje til fleire innspel.

Ordfører to dei to forslaga opp til votering.

Liv Anne Aanensen sitt framlegg fekk to røyster: Liv Anne Aanensen og Kjetil Eikefet

Administrasjonen sitt framlegg fekk tre røyster: Tom Kristian Thorsen, Ann-Jorunn Farestveit og Linda Neset

Vedtak:

Modalen kommune vedtek, og sender til NVE «Modalen kommune - Innspel om viktige regionale interesser til nasjonal ramme for vindkraft på land» slik denne ligg føre.
